

# Møteprotokoll

**Utvalg:** Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

**Møtestad:** Glitterheim

**Dato:** 07.09.2016

**Tidspunkt:** 15:00 – 21:00

Arbeidsmøte om revisjon av forvaltningsplanen 8. september kl. 9-13, med deltakarane Kvalen, Jonassen og Opheim

## Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	Leiar	
Iselin Jonassen	Nestleiar	
Bjarne Eiolf Holø	Medlem	
Sandra Opheim	Medlem	
Aud Hove	Medlem	

## Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Aleksander Øren Heen	Medlem	
Leif Solemsli	Medlem	

## Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

## Merknader

Senea Sabanovic var kalla inn som vara for Aleksander Øren Heen, men også ho varsla forfall. Solemsli vart sjuk, og Wangensteen kunne ikkje møte på kort varsel.

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Magnus Snøtun	Nasjonalparkforvaltar
Kari Sveen	Nasjonalparkforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Ivar Kvalen (sign.)

Aud Hove (sign.)

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 28/2016	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 29/2016	Referatsaker		
RS	Rapport Besseggløpet 2016		2013/5721
ST 30/2016	Delegerte vedtak		
1/2016	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016- Innsamling av plantemateriale og jordprøver - Schyren-Gymnasium Pfaffenhofen v/ Elke Leppelsack		2016/4565
ST 31/2016	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Persontransport til Glitterheim -i samband med bryllup - Ine Charlotte Haustreis		2016/5605
ST 32/2016	<del>Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016 - Bruk av drone til oppdragsfilming / fotografering - Rød Drone Foto v/ Kåre Breivik</del>		2016/5467 Saka trekt
ST 33/2016	Jotunheimen nasjonalpark - Militær lavtflyging - Besseggen - Gjende - vurdering av anmeldelse		2016/5480
ST 34/2016	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016 - utvida skilting av Besseggen for å førebygge unødige redningsaksjonar - Informasjon i regi av nasjonalparkstyret		2016/5174
ST 35/2016	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Sykling og organisert ridning i nasjonalparker og landskapsvernområder - innspill		2016/32
ST 36/2016	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 - Snødekt mark - Sledhundløp og bruk av skuter til oppkjøring av eksisterende løyper - Jotunheimen Hundekjørarlag v/ Helge Holshagen		2016/5510
ST 37/2016	Sak - Utladalen landskapsvernområde - Helikoptertransport av kjøtt i forbindelse med jakt - Utladalen Sameige		2016/5741
ST 38/2016	Eventuelt		

## **ST 28/2016 Godkjenning av protokoll/innkalling**

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 07.09.2016**

### **Vedtak**

Møteinnkalling og dagsorden godkjent.  
Ettersendt tilleggsak blir teken opp til behandling som sak 37/2016.  
Eventuelt får etter dette saksnummer 28/2016

Til punktet *Eventuelt*:

Iselin Jonassen og Aud Hove varsla kvart sitt punkt til drøfting/orientering.

Aud Hove vart vald til å signere møteprotokollen saman med leiar.

## **ST 29/2016 Referatsaker**

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 07.09.2016**

### **Vedtak**

Referatsak vart teken til orientering.

**Rapport Bessegløpet 2016**

**2013/5721**

## **ST 30/2016 Delegerte vedtak**

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 07.09.2016**

### **Vedtak**

Delegert sak teken til orientering.

Det vart i tillegg orientert om to delegerte vedtak på hastesaker motorferdsel for DNT, gjeld Skagastølsbu og Skogadalsbøen. Desse kjem formelt registrert i neste møte.

**1/2016 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016- Innsamling av  
plantemateriale og jordprøver - Schyren-Gymnasium Pfaffenhofen  
v/ Elke Leppelsack**

**2016/4565**

## **ST 31/2016 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Persontransport til Glitterheim i samband med bryllup - Ine Charlotte Haustreis**

### **Forvaltar si innstilling**

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Ine Charlotte Haustreis og Jan-Trygve Akre dispensasjon frå verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark for transport av 8 gjester, på strekninga frå bommen i Veodalen til Glitterheim og attende, for deltaking i bryllaup i tråd med søknad datert 31.08.2016. Dispensasjonen vert gjeve på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld transport av 6 personar frå bommen i Veodalen til Glitterheim torsdag kveld 22. september 2016, og 2 personar på kvelden fredag 23.09. Returtransport av dei åtte personane attende frå Glitterheim til bommen skjer søndag 25. sept.
- Transporten blir utført av vertskapet på Glitterheim, og skal i størst mogleg grad samordnast med den daglege turen med varetransport til Glitterheim.

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 07.09.2016**

#### **Vedtak**

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Ine Charlotte Haustreis og Jan-Trygve Akre dispensasjon frå verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark for transport av 8 gjester, på strekninga frå bommen i Veodalen til Glitterheim og attende, for deltaking i bryllaup i tråd med søknad datert 31.08.2016. Dispensasjonen vert gjeve på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld transport av 6 personar frå bommen i Veodalen til Glitterheim torsdag kveld 22. september 2016, og 2 personar på kvelden fredag 23.09. Returtransport av dei åtte personane attende frå Glitterheim til bommen skjer søndag 25. sept.
- Transporten blir utført av vertskapet på Glitterheim, og skal i størst mogleg grad samordnast med den daglege turen med varetransport til Glitterheim.

## **ST 32/2016 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016 - Bruk av drone til oppdragsfilming / fotografering - Rød Drone Foto v/ Kåre Breivik**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 07.09.2016**

Saka vart trekt frå sakskartet, etter melding frå søkjar om at flyging likevel ikkje vart aktuelt innan Jotunheimen/Utladalen.

#### **Vedtak**

Saka trekt.

## **ST 33/2016 Jotunheimen nasjonalpark - Militær lavtflyging - Besseggen - Gjende - vurdering av anmeldelse**

### **Forvaltar si innstilling**

Nasjonalparkstyret ser alvorleg på at det ikkje er gode nok rutinar i samband med Forsvaret si planlegging av øvingsopplegg. Dei sterke friluftsiinteressene i området der flygingane foregjekk talar for at det blir reagert på hendinga, jf. ordlyden i kgl. res. av 14.11.14 om revisjon av verneforskriftene for Jotunheimen og Utladalen.

Nasjonalparkstyret vurderer reaksjonsmønster i medhald av dei gjevne rammene i vedtektene pkt. 8.5, der anmeldelse er den skarpaste reaksjonen.

## **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 07.09.2016**

Styremedlem Aud Hove kunne vise til biletdokumentasjon av to jagarfly som flaug langt under fjelltoppane langs Gjende, fotografert ved tur over Besseggen tidlegare i sommar.

### **Vedtak**

Nasjonalparkstyret ser alvorleg på at det ikkje er gode nok rutinar i samband med Forsvaret si planlegging av øvingsopplegg. Dei sterke friluftsiinteressene i området der flygingane foregjekk talar for at det blir reagert på hendinga, jf. ordlyden i kgl. res. av 14.11.14 om revisjon av verneforskriftene for Jotunheimen og Utladalen.

Nasjonalparkstyret viser til dei gjevne rammene om oppfølging av brot på verneforskrift i styrevedtektene pkt. 8.5, og melder saka til politiet.

## **ST 34/2016 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016 - utvida skilting av Besseggen for å førebygge unødige redningsaksjonar - Informasjon i regi av nasjonalparkstyret**

### **Forvaltar si innstilling**

Nasjonalparkstyret ønskjer å bidra til å legge til rette for tydelegare informasjon om turen over Besseggen. Det er mange aktørar som driv verksemd i området, og den ekstra skiltinga bør skje i regi av Nasjonalparkstyret. Innhald på skilta blir utarbeidd i nært samarbeid med dei andre aktørane (hjelpekorps, DNT, politiet og bedrifter som har tett kontakt med Besseggen-vandrarane).

Skilta skal vera utplasserte før sesongen 2017.

Styret takkar ja til tilbodet frå Vågå Røde Korps Hjelpekorps om å setja opp skilta.

Det blir med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 1.3 e) gjeve dispensasjon for oppsetting av skilt langs Besseggruta, i tråd med det ein kom fram til i møte hos Vågå Røde Kors Hjelpekorps den 11. august 2016.

Nasjonalparkforvaltarane får fullmakt til å gjera nærare avtaler om detaljert plassering og innhald på skilta, i nært samarbeid med dei mest sentrale aktørane i området. Skilting skjer på norsk og engelsk, med gode illustrasjonar om turen og om utstyret.

## **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 07.09.2016**

### **Vedtak**

Nasjonalparkstyret ønskjer å bidra til å legge til rette for tydelegare informasjon om turen over Besseggen. Det er mange aktørar som driv verksemd i området, og den ekstra skiltinga bør skje i regi av Nasjonalparkstyret. Innhald på skilta blir utarbeidd i nært samarbeid med dei andre aktørane (hjelpekorps, DNT, politiet og bedrifter som har tett kontakt med Besseggen-vandrarane).

Skilta skal vera utplasserte før sesongen 2017.

Styret takkar ja til tilbodet frå Vågå Røde Korps Hjelpekorps om å setja opp skilta.

Det blir med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 1.3 e) gjeve dispensasjon for oppsetting av skilt langs Besseggruta, i tråd med det ein kom fram til i møte hos Vågå Røde Kors Hjelpekorps den 11. august 2016.

Nasjonalparkforvaltarane får fullmakt til å gjera nærare avtaler om detaljert plassering og innhald på skilta, i nært samarbeid med dei mest sentrale aktørane i området. Skilting skjer på norsk og engelsk, med gode illustrasjonar om turen og om utstyret.

Nasjonalparkstyret registrerer at det ikkje berre er Besseggen som har høg belastning på redningstenesta pga. mange urøynde og dårleg utstyrte vandrarar, men det gjeld også for andre særleg populære destinasjonar, i første rekkje Trolltunga og Preikestolen. Nasjonalparkstyret gjev forvaltarane i oppdrag å formulere eit skriv til aktuelle departement og direktorat og peike på behovet for førebyggjande tiltak i slike område. For Jotunheimen vil styret referere til positive erfaringar med naturretteleiarordninga som ein hadde for nokre år sidan, og skissere ei ordning knytt til naturretteleiarordenesta som eit mogleg bidrag for å hindre ein del av dei unødvendige redningsaksjonane, og da særleg ved Besseggen.

## **ST 35/2016 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Sykling og organisert ridning i nasjonalparker og landskapsvernområder - innspill**

### **Forvaltar si innstilling**

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har følgjande innspel til brev av 06.06.2016 frå Miljødirektoratet

- Sykling og organisert riding i nasjonalparker og landskapsvernområde kan skje på *opparbeidde vegar* i verneområda.
- Ei generell opning for sykling på *alle stigar* i nasjonalparker / landskapsvernområde må følgjast opp med betydelege ressursar for auka vedlikehald og førebyggjande tiltak mot terrengskader.
- Begrepet «*eksisterende stier*» må få ein utfyllande definisjon, da det elles vil verta svært mange tolkingar på kva som er ein stig.
- Det vil krevje store ekstra ressursar til forvaltninga for å følgje opp kravet om å utføre sårbarheitsvurderingar på alle område/stigar der ein ikkje ønskjer terrengsykling i verneområda. Det at eventuelle forbod mot sykling på konkrete område/stigar må ha grunngeving i verneformålet og vera forankra i sårbarheitsvurderingar, synest ikkje å vera i tråd med føre-var-prinsippet i Naturmangfaldlovas § 9, dersom ein ikkje har tilfredsstillande kapasitet på forvaltningssida.
- For å kunne gjera sårbarheitsvurderingar knytt til sykling og riding langs det etablerte stignettet, er det nødvendig med ein tydeleg definisjon og å få alle eksisterande stigar teikna inn på eit temakart knytt til forvaltningsplanane for dei aktuelle verneområda.

## Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 07.09.2016

### Vedtak

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har følgjande innspel til brev av 06.06.2016 frå Miljødirektoratet

- Sykling og organisert riding i nasjonalparker og landskapsvernområde kan skje på *opparbeidde vegar* i verneområda.
- Ei generell opning for sykling på *alle stigar* i nasjonalparker / landskapsvernområde må følgjast opp med betydelege ressursar for auka vedlikehald og førebyggjande tiltak mot terrengskader.
- Begrepet «*eksisterende stier*» må få ein utfyllande definisjon, da det elles vil verta svært mange tolkingar på kva som er ein stig.
- Det vil krevje store ekstra ressursar til forvaltninga for å følgje opp kravet om å utføre sårbarheitsvurderingar på alle område/stigar der ein ikkje ønskjer terrengsykling i verneområda. Det at eventuelle forbod mot sykling på konkrete område/stigar må ha grunngeving i verneformålet og vera forankra i sårbarheitsvurderingar, synest ikkje å vera i tråd med føre-var-prinsippet i Naturmangfaldlovas § 9, dersom ein ikkje har tilfredsstillande kapasitet på forvaltningssida.
- For å kunne gjera sårbarheitsvurderingar knytt til sykling og riding langs det etablerte stignettet, er det nødvendig med ein tydeleg definisjon og å få alle eksisterande stigar teikna inn på eit temakart knytt til forvaltningsplanane for dei aktuelle verneområda.

# **ST 36/2016 Sak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 - Snødekt mark - Sledehundløp og bruk av skuter til oppkjøring av eksisterende løyper - Jotunheimen Hundekjørarlag**

## **Forvaltar si innstilling**

Jotunheimen Hundekjørarlag v/ Helge Holshagen får med heimel i § 4 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, jf. naturmangfaldlova § 48, dispensasjon for å arrangere hundekjørarløp april 2017, i tråd med søknad.

1. Dispensasjonen gjeld oppkjøring og merking av løype på den delen av strekninga Gjendesheim-Gjendebu-Bygdin som ligg innan nasjonalparken, jf. kart i søknaden
2. Arrangøren er ansvarleg for at deltakarar og publikum blir gjort kjent med kva del av løypa som går i nasjonalparken, og at det er særlege reglar for ferdsel her
3. Fysisk merking og sikringsutstyr skal fjernast så raskt som mogleg etter at rennet er avvikla.
4. Det kan nyttast to scooterar m/ hengar for tilrettelegging av traseen på førehand, og ein runde for opprydding etter løpet
5. Etter at arrangementet er gjennomført, skal løype og tilskuerplassar sjekkast og eventuell søppel fjernast same dag som rennet blir avvikla.
6. Reklame skal ikkje plasserast i nasjonalparken.
7. Høgtaleranlegg skal ikkje brukast innan nasjonalparken, jf. verneforskrifta § 3, pkt. 7.3.
8. Arrangøren skal innan ein månad etter rennet sende rapport til nasjonalparkforvaltninga, med oversikt på deltakartal og oppsummering av avviklinga.

Løyvet gjeld i høve til verneforskrifta. I tillegg krevst løyve i medhald av motorferdsellova frå dei aktuelle kommunane, og frå grunneigar, jf. motorferdsellova.

Arrangement og konkurransar er blant tema som blir nærare vurdert ved revisjon av forvaltningsplanen.

## **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 07.09.2016**

### **Vedtak**

Jotunheimen Hundekjørarlag v/ Helge Holshagen får med heimel i § 4 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, jf. naturmangfaldlova § 48, dispensasjon for å arrangere hundekjørarløp april 2017, i tråd med søknad.

1. Dispensasjonen gjeld oppkjøring og merking av løype på den delen av strekninga Gjendesheim-Gjendebu-Bygdin som ligg innan nasjonalparken, jf. kart i søknaden
2. Arrangøren er ansvarleg for at deltakarar og publikum blir gjort kjent med kva del av løypa som går i nasjonalparken, og at det er særlege reglar for ferdsel her
3. Fysisk merking og sikringsutstyr skal fjernast så raskt som mogleg etter at rennet er avvikla.
4. Det kan nyttast to scooterar m/ hengar for tilrettelegging av traseen på førehand, og ein runde for opprydding etter løpet
5. Etter at arrangementet er gjennomført, skal løype og tilskuerplassar sjekkast og eventuell søppel fjernast same dag som rennet blir avvikla.
6. Reklame skal ikkje plasserast i nasjonalparken.
7. Høgtaleranlegg skal ikkje brukast innan nasjonalparken, jf. verneforskrifta § 3, pkt. 7.3.



8. Arrangøren skal innan ein måned etter rennet sende rapport til nasjonalparkforvaltninga, med oversikt på deltakartal og oppsummering av avviklinga.

Løyvet gjeld i høve til verneforskrifta. I tillegg krevst løyve i medhald av motorferdsellova frå dei aktuelle kommunane, og frå grunneigar, jf. motorferdsellova.

Arrangement og konkurransar er blant tema som blir nærare vurdert ved revisjon av forvaltningsplanen.

## **ST 37/2016 Sak - Utladalen landskapsvernområde - Helikoptertransport av kjøtt i forbindelse med jakt - Utladalen Sameige**

### **Forvaltar si innstilling**

Med heimel i verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde §3 pkt. 6.3 d) får Utladalen Sameige løyve til å frakte ut jaktkjøtt. Løyvet gjeld:

- 1 landing ved Skogadalsbøen turisthytte i perioden frå 20.08. og fram til vertskapet på Skogadalsbøen forlet hytta (ca. 15.-20.09)
- 2 landingar ved jakthytta i Guridalen, alternativt Skogadalsbøen i tida frå vertskapet i Skogadalsbøen turisthytte forlet hytta for sesongen og fram til jaktperioden for hjort og elg er slutt 23.12.
- 1 landing ved hytta i Utladalsholet (Vormeli) dersom det vert skote dyr i nærleiken

Løyvet er gjeve på vilkår av

- Løyvet gjeld for 5 år, dvs. for åra 2016 – 2020. Det må søkjast om nytt løyve for jakt sesongen 2021.
- Det skal leggjast til grunn ein restriktiv bruk av helikopter frå jegerane si side, dvs. omfanget av kjøtt skal vere større enn det ein kan forvente at jegerane sjølve kan bere ut av området, dersom vêr- og føretilhøva ikkje gjer dette uaktuelt.
- Bruk av helikopter skal i størst mogleg grad samordnast med annan helikoptertransport i området (dei mest aktuelle er DNT/Skogadalsbøen Turisthytte og Hydro).
- Det er forbod mot å frakte jegerar og andre personar ut og inn av området.
- Løyvet gjeld ikkje søndagar og heilag dagar.
- Bruk av helikopter skal seinast dagen før varslast til oppsynet i Jotunheimen nasjonalpark ved Rigmor Solem (mob. 95965158).
- Rapport med oversikt over bruken av helikopter skal sendast til Nasjonalparkstyre for Jotunheimen og Utladalen innan 15.01. kvart år

## **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 07.09.2016**

### **Vedtak**

Med heimel i verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde §3 pkt. 6.3 d) får Utladalen Sameige løyve til å frakte ut jaktkjøtt. Løyvet gjeld:

- 1 landing ved Skogadalsbøen turisthytte i perioden frå 20.08. og fram til vertskapet på Skogadalsbøen forlet hytta (ca. 15.-20.09)
- 2 landingar ved jakthytta i Guridalen, alternativt Skogadalsbøen i tida frå vertskapet i Skogadalsbøen turisthytte forlet hytta for sesongen og fram til jaktperioden for hjort og elg er slutt 23.12.
- 1 landing ved hytta i Utladalsholet (Vormeli) dersom det vert skote dyr i nærleiken

Løyvet er gjeve på vilkår av

- Løyvet gjeld for 5 år, dvs. for åra 2016 – 2020. Det må søkjast om nytt løyve for jaktsesongen 2021.
- Det skal leggjast til grunn ein restriktiv bruk av helikopter frå jegerane si side, dvs. omfanget av kjøt skal vere større enn det ein kan forvente at jegerane sjølve kan bere ut av området, dersom vêr- og føretilhøva ikkje gjer dette uaktuelt.
- Bruk av helikopter skal i størst mogleg grad samordnast med annan helikoptertransport i området (dei mest aktuelle er DNT/Skogadalsbøen Turisthytte og Hydro).
- Det er forbod mot å frakte jegerar og andre personar ut og inn av området.
- Løyvet gjeld ikkje søndagar og heilagdaggar.
- Bruk av helikopter skal seinast dagen før varslast til oppsynet i Jotunheimen nasjonalpark ved Rigmor Solem (mob. 95965158).
- Rapport med oversikt over bruken av helikopter skal sendast til Nasjonalparkstyre for Jotunheimen og Utladalen innan 15.01. kvart år

## **ST 38/2016 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 07.09.2016**

To punkt til drøfting/orientering vart varsla ved innleiing av møtet.

- Iselin Jonassen tok opp spørsmålet om media og bevisst haldning til roller for både tilsette og styremedlemmer ved mediaoppslag.
- Aud Hove orienterte om Oppland fylkeskommune si satsing på *Grønt skifte* - Det er mellom anna aktuelt med eit prosjekt for auka bruk av biodiesel og solcelleanlegg, der DNT og bedrifter i Jotunheimen kan få støtte til deltaking. Signaleffekten er viktig når nye tiltak skal implementerast. Kontakt i DNT: Aamelfot Hjelle.

### **Felles dialogmøte Nasjonalparkstyret – DNT Oslo og Omegn – Lom kommune**

Styremøtet vart avslutta med eit fellesmøte med DNT Oslo og Omegn angående nye tiltak. Desse sakene var varsla:

- 1) Glitterheim  
Ny sjølbetjeningshytte  
Påbygg sovehus

Sykkelskur  
Reinseanlegg

2) Fannaråkhytta  
Nybygg?

Frå DNT møtte Jan Erik Reiten og Thomas With, i tillegg til hyttestyrar på Glitterheim, Knut Vole. Lom kommune v/ byggesaksbehandlar Leif Morten Plassen deltok for å få felles gjennomgang på sakene ved Glitterheim, som krev parallell behandling etter verneforskrift og plan- og bygningslova. I tillegg krev byggetiltak godkjenning frå grunneigar. Lom fjellstyre v/ oppsyn var også invitert, men hadde ikkje høve til å møte.

Møtet vart innleia med synfaring ute ved Glitterheim

### **Vedtak / Oppsummering av synspunkt og føringar for vidare behandling:**

#### **Glitterheim**

- a) Ny sjølbetjeningshytte (jf. førehandsdrøfting i styremøtet 11. mai)  
Det er skissert eit standard sovehus med 20 overnattingsplassar og fellesrom. Det er to moglege tomter for plassering av nybygget, eitt alternativ på oversida av vegen ved «Sandhaugen», og det andre litt nærare hovudbygningen. Begge tomtene ligg innan radien for det som er etablert som bedriftsområde, og nasjonalparkstyret har ikkje sterke synspunkt på val av tomt. Det blir opp til DNT/Glitterheim å velja det som er mest tenleg med tanke på drift og beredskap i tilfelle brann på hovudbygg.  
Det er ønskjeleg å behalde dei to småhyttene som er brukt i dag for alternative formål som lagring og liknande. Styret ser ikkje behov for å krevje fjerning av desse dersom dei har vesentleg nyttefunksjon vidare.

Formell søknad kan gå parallelt til nasjonalparkstyret og kommunen. Det er naturleg med behandling etter strengaste regelsett først, og nasjonalparkstyret har neste møte 25. oktober. Byggesaksavdelinga i kommunen tek saka til behandling etter at dispensasjon frå verneforskrifta er avklara. DNT må også ha løyve frå grunneigar (Statskog / fjellstyret), og det er rasjonelt å sende saka til dei samtidig med at søknad går til nasjonalparkforvaltninga og kommunen.

- b) Påbygg sovehus  
Det er etter brannsyn sett fram ønskje om betre rømmingsveg frå sovesal i andre høgda. Eit mindre tilbygg som gjev rom for rømmingstrapp vil løyse dette, og det vil ikkje ha vesentleg verknad på landskapet. Likevel greitt å eit formelt vedtak som viser at verneområdeforvaltninga er involvert, før byggesak i kommunen behandlar saka.
- c) Sykkelskur  
Glitterheim Turisthytte har om lag 150 sykklar for utleige. Desse er utsett for sterk slitasje når det ikkje er ordna oppstillingsplass, så det er ønskjeleg med eit enkelt overbygg (ca. 80-100 m<sup>2</sup>) med sykkelstativ og rom for tørr lagring av sykkeltraller og hjelmar. Nasjonalparkstyret og byggesaksbehandlar såg på moglege plasseringar ved bommen før dei sykla inn til møtet,

Det er eit godt alternativ for plassering utanfor nasjonalparkgrensa, så

nasjonalparkstyret ser ingen særleg grunn for å dispensere for eit nytt byggetiltak innan nasjonalparken. På oversida av parkeringa og ovafor informasjonstavlene synest det å liggje godt til rette for å få til eit enkelt bygg, utan at det går ut over parkeringsplassane. Dette blir såleis ei sak for byggesaksbehandling i Lom kommune, og avklaring med grunneigar.

d) Reinseanlegg

Etter oppdrag frå Lom kommune er det utført tilstandsvurdering på anlegget av Asplan Viak. Det er registrert ureining i elva nedanfor, men dette kan også skuldast vassig rundt utedoen. Utsjekk av dette punktet skal gjennomførast før ein evt. må gå vidare med tiltak på reinseanlegget dersom problemet ikkje blir løyst. Nasjonalparkstyret tek saka til førebels orientering.

### **Skagastølsbu**

Orientering om utførte utbetringstiltak v/ Thomas With.

Skagastølsbu er ei naudbu, og ikkje overnattingshytte. Før status som ubetjent hytte. Lang historie; i samband med reparasjon etter at taket bles av i 1890 vart det bygd eit nytt rom for damer. Det er nå brukt reine trematerialar, og det er skifta til ny dør og nye glas. Alt bygningsavfall og søppel er rydda og frakta ut.

### **Fannaråkhytta**

Jan Erik Reiten og Thomas With orienterte om vurderingane som er gjort internt så langt. Desse er oppsummerte i notat som vart utsendt til styret ved e-post 6. sept.

Det er utført ein muligheitsstudie som skisserer tre ulike alternativ for ei nødvendig oppgradering. Det mest omfattande er å rive den gamle meteorologistasjonen (Met'n) og erstatte denne med eit treetasjars nybygg – etter forslag frå Snøhetta Arkitekter.

DNT har sett på to andre løysingar for å behalde Met'n, men supplere dagens hovudhytte med enten tilbygg eller eit frittstående nybygg mellom dei eksisterande bygningane på toppen. Jf. kartskisser og tekst i notatet frå DNT.

Utgangspunktet er dagens drift, men må ut frå belegget utvide og oppgradere for å gje gjester og betjening tilfredsstillande vilkår under opphaldet. Betjening er nødvendig av omsyn til mest mogleg økonomisk drift på vassforsyning og søppelhandtering. Det er også breføring, slik at hytta samla sett ikkje eignar seg som sjølbetjeningshytte. Det er antyda behov for utviding frå dagens 225 m<sup>2</sup> til ca. 500 m<sup>2</sup> for å få betre driftsvilkår. Dersom ein får eit stadig aukande trykk på denne hytta vil ein kanskje måtte jobbe med ei form for avgrensing gjennom bookingsystem eller andre tiltak.

Oppsummering av synspunkt frå diskusjonen:

- Nasjonalparkstyret ser at det er behov for noko utviding av det samla arealet for å ha eit akseptabelt tilbod
- Det er viktig å ta omsyn til vind og ver ved utforming av bygg på ein så utsett plass
- Historikken med bemanna værstasjon gjer at Fannaråken er ein spesiell plass. Sjølv om bygningen kalla Met'n ikkje har nokon spesiell vernestatus i seg sjølv, kan det vera ønskjeleg å ta vare på historia – noko som også DNT er inne på i sine alternative forslag til riving og oppføring av eit større nybygg på tomte der Met'n står i dag.

- Kulturverneininga i fylkeskommunen bør kontaktast før ein evt. går vidare med forslaget frå Snøhetta.
- Det er vanskeleg å ta stilling til dei ulike alternativa før ein har fått sett litt nærare på saka. Styret vil derfor koma attende til dette i eit seinare møte.